Direktoratet for mineralforvaltning
med Bergmeisteren for Svalbard

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dato: 25.09.2018
Vår ref: 18/03217-2
Deres ref: 201833840-5

## Svar til høyring av søknad om løyve til nye Utvik kraftverk i Stryn kommune i Sogn og Fjordane

Leiv Erikssons vei 39
Postboks 3021 Lade
N-7441 Trondheim

TELEFON + 47 73 90 46 00
E-POST mail@dirmin.no
WEB www.dirmin.no

GIRO 7694.05.05883
SWIFT DNBANOKK
IBAN NO5376940505883
ORG.NR. NO 974 760 282

SVALBARDKONTOR
TELEFON +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til ovannemnde sak, datert 20. august 2018.

DMF er statens sentrale fagmyndigheit ved forvaltning og utnytting av mineralske ressursar, og har eit særleg ansvar for at mineralressursar blir teke omsyn til i plansakar.

**Om saka**
Det vert arbeida med å legge planar for å bygge opp eit nytt kraftverk som skal erstatte produksjonen i dei tre kraftverka som vart øydelagt av flaumen sommaren 2017. Føremålet med arbeidet er å oppretthalde og utvide kraftproduksjonen gjennom eit moderne, meir optimalisert kraftverk. Inntaket skal vere på same staden som i dag, og ny røyrgate leggast i ny trase til ny stasjon på austsida vassdraget.

**Uttale til saka**
Mineralske ressursar er ikkje-fornybare naturressursar som berre kan nyttast der dei naturleg førekjem. DMF registrerer at røyrgatetraseen til Utvik kraftverk går innafor ein sand- og grusførekomst registrert av Noregs geologiske undersøking (NGU) som lokalt viktig. Meir informasjon om førekomsten finnast i NGU sin grus- og pukkdatabase: http://geo.ngu.no/kart/grus_pukk_mobil/.

Planlagde tiltak ser ikkje ut til å medføre ytterlegare beslaglegging av førekomsten enn dei eldre kraftverka. DMF har difor ingen merknader til høyring av søknad om løyve til nye Utvik kraftverk.

For nærmare informasjon om minerallova med tilhøyrande forskrifter, sjå heimesida vår på www.dirmin.no.

Med helsing

Dragana Beric Skjøstad
seksjonsleiar

Karoline Ulvund
rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.*
Sakshandsamar: Karoline Ulvund

Mottakarar:

| | | |
|---|---|---|
| Norges vassdrags- og energidirektorat | Postboks 5091 Majorstua | 0301 OSLO |

Kopi til: